

REFERAT FRÅ STYREMØTE I SOGN OG FJORDANE BRIDGEKRINS, SKEI 13.11.16

Til stades på møtet var S.O.kleiven, K.Skorpen, W.Myhre, K.Lille-Homb og M.Fivelstad. S.Wie kunne ikkje møte.

K.Lille-Homb møtte grunna han hadde informasjon som medlem i valkomiteen.

Referent : S.O.Kleiven

Sak 1 : Intern diskusjon i styret.

Sak 2 : Styret fekk av krinstinget dette året delegert mynde til å sørgje for at styret vert fulltalig.

I samband med dette arbeidet har no K.Lille-Homb sagt at han vil bidra att, og sa seg villig til å gå ut av valkomiteen og inn i styret. Han tek over som turneringsansvarleg for M.Fivelstad som går in att i rolla som rekrutteringsansvarleg. Dette betyr at styret no er fulltalig, men at det manglar ein vara og eit medlem i valkomiteen.

Sak 3 : KM-par vert flytta frå den 18.03.17 til 25.03.17. Skal som før skrive spelast på Skei.

Sak 4 : Krinsen og Sogndal BK har samarbeidd i lengre tid om kortdubleringsmaskina som krinsen eig. Styret bestemde at kortdubleringsmaskina skal overdragast til Sogndal BK utan noko kostnadar.

Sak 5 : Skrivar i styret tek over som møteinnkallar i krinsen.

Sak 6 : Åsbjørn Hegrenes har sagt seg viljug til å fortsette som ansvarleg for internettsida til krinsen. Stor takk !

Med beste helsing

Stig Olav Kleiven